



ARBEIDSPROGRAM 2024

MÅL OG TILTAK

Innhald

- Innleiing og hensikt
- Utdanning og tryggleik
- Aktivitet og fellesskap
- Organisasjon
- Økonomi
- Fasilitetar
- Samarbeid og nærmiljø



Innleiing og hensikt



Programplanen skal fungera som eit arbeidsdokument for klubben som vert aktivt nytta, og kontinuerleg oppdatert av administrasjonen.

Det er sett opp med styringsdokumentet 2024-2028 som utgangspunkt.

Målsetjinga er å oppfylle klubbens ønskete resultat innanfor dei fem fokusområda, ved hjelp av konkrete tiltak.

Arbeidsprogrammet er det styret og administrasjonen som er ansvarleg for å sikre gjennomføringa av. Styret og administrasjonen sitt arbeid skal målast opp mot dette dokumentet og dei ynskja resultata innanfor kvart fokusområde.

Ønskt resultat

Aktive og nøgde medlemmar

Velfungerande organisasjon

Sunn kultur

Berekraftig og god økonomi

Sikre trygge rammevilkår
gjennom godt samarbeid

1. Utdanning og tryggleik



Strategiske målsetningar	Tiltak 2024
Leggje til rette for utdanning av kvalitet som gir auka flygde på Voss og omegn.	<ul style="list-style-type: none">• Vidareutvikle grunnkursa med kursmanual, som inkludera undervisningsmateriell og videomateriell på youtube-kanal.• Integrering av nye sjølvstendige pilotar• Betre oppfølgingsordning: progresjonskurs- og arrangement.• Leggje til rette for auka framhaldsprosent etter kurs.• Lage eit elevarrangement på slutten av vinter- og sommar-sesong• Klubben ønsker å leggje til rette for konkurransesatsing.
Solid og aktiv instruktørbase i klubben. Utarbeide og følgje utdanningsplan for instruktørar.	<ul style="list-style-type: none">• Etablere ein heilskapleg utdanning- og treningsplan for instruktørar og bidra til modernisering av sikkerheitssystemet HPS.• Legge til rette for god oppfølging av hjelpeinstruktørar: Mål nye SIV- og tandeminstruktørar, samt AM-instruktørar.• Kvalifiserte og motiverte medlemmar meldes opp til kurs etter en heilskapsvurdering.• To instruktørsamlingar for PG/SPG i løpet av året, og to tandeminstruktørsamlingar.
Null ulukker	<ul style="list-style-type: none">• Kontinuerleg, systematisk og aktivt følgje sikkerheitssystemet HPS.• Temakvelder: gjennomgang nødskjerm, meteorologi, ulukker, hendelses-rapportering og andre aktuelle tema.• Oppmode medlemmane til loggføring av flyging (flightlog.org), og auke fokus på hendelses-rapportering.• Betre oppfølging av elevar og pilotar.• Legge til rette for aktivitet som fremmar progresjon.
ROS-analyse av flystader	<ul style="list-style-type: none">• Utarbeide ROS-analyse for alle etablerte startar som vert nytta i regi av klubben.• Tilgjengeleg oversikt og informasjon på heimesida.• Kartlegging av potensielle framtidige startar, med oversiktskart.• Utarbeide plan for flystadar me vil opparbeide dei neste 5 åra.• Jobbe for tilgang på skulebakkar
Vedlikehaldsplanar for materiell og køyretøy	<ul style="list-style-type: none">• Lyse ut tilbod om serviceavtalar for vedlikehald og eksternkontroll av klubbustyr, i tillegg til fastsatt rutine og intervall for internkontroll.• Utarbeide plan for vedlikehald og kontroll av køyretøy med ansvarspersonar og tidsintervall.
Varslingssystem Politiattest og barneidrettsansvarleg	<ul style="list-style-type: none">• Ta i bruk varslingsystem frå forbundet.• Ansvarleg for politiattestar og barneidrettsansvarleg som følgjer opp arbeidet kontinuerleg.

2. Aktivitet og fellesskap



Strategiske målsetningar	Tiltak 2024
Variert og stabilt tilbod av aktivitetar heile året	<ul style="list-style-type: none">• Oppfordre, strukturere og støtte til klubbaktivitet gjennom året• Klubbkveldar med fagleg og sosialt innhald 5 gangar årleg.• Årsfest med fallskjermklubben og Veko• Legge til rette for aktivitet og utvikling innan hanggliding.• Auka aktivitet i vekedagar.• Aktivitet for alle nivå og greiner• Opprette eigen arrangementskomité for å skape engasjement og meir aktivitet,
Auke tal tandemelevar	<ul style="list-style-type: none">• Mål om 400 tandem• Lage rekrutteringsvideoar for sosiale medium, samt omtale og marknadsføring i sosiale media, tv, aviser, og andre media.• Auke tal spontane tandemelevar frå Vangen, Voss Gondol og Hangurstoppen.• Utvikle informasjonskanalar i sentrum ved bruk av klubbvogna, og med Voss Gondol.• Betre systemet for tandemdrifta slik at det vert effektivt, kjekt og meir gunstig for pilotar å fly tandem.• Gode ordningar for dei som er villig til å vere tilgjengeleg som instruktør.• Produsere flygeblad.
Medlemsfordelar	<ul style="list-style-type: none">• Medlemsfordelar og avtaler med lokale lag, foreiningar og bedrifter. Få ut info om fordelar.• Aktivt rekruttera medlemmar, med særleg fokus på tilhørslse til voss med «Vossarabatt» på 2000 kr av ordinær pris.• Klubbmerch og klistremerker for å skape tilhørslse og stemning.
Kommunisere medlemsinfo Motivere til å skape arrangement	<ul style="list-style-type: none">• Styre etter måltal for aktivitet gjennom sesongen. Kommunisere tal til medlemmar gjennom nyheitsbrev, sosiale media og heimeside.• Bruke sosiale media til å vise aktivitet.• Oppfordre medlemmar til å kontakte styret eller DL om de har innspel til arrangement.• Melde arrangement inn til NLFs terminliste.• Årleg medlemsundersøking for å sikre medverknad.
To store årlege arrangement, derav eitt er Ekstremsportveko	<ul style="list-style-type: none">• Ha et godt breiddetilbod under Ekstremsportveko.• Vekst i tal deltakarar og frivillige under Ekstremsportveko. Betre fordelar for deltakarar ved å leggje til rette for felles briefing, debrief og samling i teltet på kvelden, samt morgonbrief om dagens forhold.• Rekruttere greinansvarleg, frivilligansvarleg og tryggleiksansvarleg tidleg, og lage stillingsinstruks for stillingane.• Eigen Veko-workshop for medlemmar i vinterhalvåret.• Utvikle signaturarrangement/konkurranse.• Hot debrief med arrangementsansvarlege etter arrangement.• Norgescup
Rekruttering av nye medlemmar	<ul style="list-style-type: none">• Lage promoteringsvideoar for SPG og PG med fokus på sikkerheit og en profesjonell framstilling av aktiviteten.

3.1 Organisasjon



Strategiske målsetningar	Tiltak 2024
Styre etter arbeidsprogram vedteke av medlemmar.	<ul style="list-style-type: none">• Utarbeida arbeidsprogram for 2023 og la medlemsmøtet/årsmøtet vedta arbeidsprogram med eventuelle endringar.• Gjennomføre planlagde samlingar/aktivitetar i årshjulet for kontinuerleg å betre styring og leing av klubben.
Instruktører og stab er nøgde og kompetente	<ul style="list-style-type: none">• Under oppstartsmøte skal følgjande verte gjennomgått: strategidokument og programplan, forventningar for sesongen, terminliste, møteplan, rutinar, roller og ansvar. Utarbeide og forbetre instruksar for dette der det trengs.• Opplæring for aktuelle roller skal gjennomførast.• Oppfølging av instruktørstab gjennom sesongen.• To instruktørsamlingar PG/SPG i løpet av året, og to tandeminstruktørsamlingar.• Sikre naudsynt kompetanse for nye instruktører og stab.• Nok tilgjengelege instruktører til ein kvar tid.• Jobbe for fleire tiltak som gjer det gunstig og kjekt å vere instruktør i klubben. T.d. rabatt på overnattingsstader for tilreisande instruktører og pilotar.
Rutinar og styringssystem for å sikre effektiv og korrekt drift	<ul style="list-style-type: none">• Distribuere organisasjons- og driftsstruktur, samt styringsdokument og programplan for medlemar og stab.• Administrasjonen oppdaterer årleg rutinar/instruksar og gjere dei tilgjengelege på Teams• Sikre god pengeflyt og oversiktlege kassaoppgjer.• Revidere og forbetre eksisterande stillingsinstruksar og lage nye for stillingar som manglar.• Kontinuerleg styring etter nøkkeltal for å oppnå målsetningar.• Inngå kontrakt/stillingsinstruks for instruktører for kvar sesong.• Administrasjonen rapporterer til styret månadleg med nøkkeltal.
Ein driftsstruktur tilpassa store og små arrangement av høg kvalitet	<ul style="list-style-type: none">• Dei daglege oppgåvene og avgjerslene rundt drifta tas av dagleg leiar og/eller administrativ leiar.• Alle arrangement skal ha oppfølging og involvering frå dagleg leiar og/eller administrativ leiar.• Evaluering av driftsstruktur etter sesongen 2023.
Auke talet medlemmar med rette kvalifikasjonar i stabsfunksjonar	<ul style="list-style-type: none">• Utdanne og motivere medlemmer til å ta del i drifta av klubben. Handplukke motiverte medlemmar til organisering av arrangement.• Leggje til rette for kvalifiserte medlemmer i stabsfunksjonar.
Kompetanseheving idrett og administrasjon	<ul style="list-style-type: none">• Følgje opp aktivitet i idrettskrets, idrettsråd og på seksjonsnivå.• Kompetanseheving og erfaringsutveksling• Delta på relevante møter, arrangement og samlingar.

3.2 Økonomi



Strategiske målsetningar	Tiltak 2024
Halde prisar på eit berekraftig nivå. Overskot på kurs og tandem	<ul style="list-style-type: none">• Styrke klubbøkonomien gjennom kurs- og tandemaktivitet.• Jobbe for gunstige prisar hos samarbeidspartnarar.
Sikre ein sunn økonomi gjennom kostnadskontroll og inntektsauke Kompetanseheving innan økonomistyring i klubben	<ul style="list-style-type: none">• Ha enkle og gode system i den administrative drifta som sikrar minimalt med feilføring og gir god oversikt og statistiske data.• Halde kontroll på laupande utgifter og følgje budsjett.• Kontinuerleg bilagsføring.• Eige budsjett og rekneskap for større arrangement.• Eigne kurs- og tandembudsjett og rekneskap.• Laupande rapportering om avvik til styret, samt orientering om status.• Dei tilsette skal tileigne seg tilstrekkeleg kompetanse til å kunne styre økonomien til klubben på ein god måte. Då rekneskap, økonomistyring, budsjettering og revisjon.• Kurs og opplæring for tilsette og styret ved behov for å sikre god drift.
Opparbeide økonomisk reservar for opparbeiding av startar, samt klubblokale.	<ul style="list-style-type: none">• Styre mot sunn økonomi og verdiskaping.• Følge ein langsiktig investeringsplan og prioritering av investeringane.• Revidere plan for levetid på klubbens eigendelar.• Økonomistyring som gir moglegheit for avsetning til større investeringar.
Sikre god utnytting av økonomiske støtteordningar og sponsormidlar. Årlege sponsorinntekter på NOK 500 000 innan 2024	<ul style="list-style-type: none">• Marknadsføring av grasrotandelen.• Ungdomsmidlar frå forbundet.• Momsrefusjonsordning.• Sikkerhetsmidlar frå forbundet.• Vedlikehalde sunne sponsoravtalar.• Utvikle 5-årig sponsorstrategi, lage ein introduksjonsvideo til potensielle sponsorar.• Jobbe for å få midlar frå lokale bankar og fond.
Berekraftige kalkylar på aktivitetar	<ul style="list-style-type: none">• Detaljstyring av prisar på enkeltaktivitetar.
Medlemmar har kjennskap til klubben si drift og økonomi	<ul style="list-style-type: none">• Informasjon frå styret og DL sendes ut månadleg.• Referat frå styremøte gjerast tilgjengeleg 2 veker etter.• Rekruttere til medlemsmøte og årsmøte via medlemsmail og sosiale media.• Synleg styringsdokument og eiga infotavle med aktuelle skriv i klubbhuset

3.3 Fasilitetar



Strategiske målsetningar	Tiltak 2024
<p>Inkluderande fasilitetar som fremjar samhald og eit godt sosialt miljø</p> <p>Klubblokala er eigna for bruk året rundt, både for egne medlemmar og til utleige</p>	<ul style="list-style-type: none">• Legge til rette for at Bømoen og klubblokala blir sosialt senter for klubbens arrangement og andre aktivitetar.• Hensikta er å skape aktivitet og eit sosialt miljø.• Dugnad for å halde klubblokala fine og trivelege.• Synleggjere aktivitetsmoglegheitene på Bømoen med infotavle i klubblokala.• Vårdugnad for vedlikehald av klubbhuset og området rundt.• Fylgje internkontroll mot brannvern og el-anlegg.
<p>Våre fasilitetar skal imøtekome våre behov</p>	<ul style="list-style-type: none">• Vedlikehalde administrative verktyø.• Skaffe og nytte digitale verktyø der det er hensiktsmessig.• Oppruste heimeside og bookingsystem for tandem, med plan for kontinuerleg vedlikehald og oppgraderingar.• Ha operativ klubb-bil, redningsbåtar og klubbvinsj.• Lokale for å møte behov og profesjonalisering av drifta.• Nytte kontorlokale og møterom på meieriet til kompetanseheving og sosialt for medlemmar når det er passande.
<p>Tilstreккеleg mengd elev- og tandemutstyr av god kvalitet skal være tilgjengeleg til ein kvar tid</p>	<ul style="list-style-type: none">• Vedlikehalde alt klubbstyr.• Oppfølging av kontrollrutinar av materialforvaltar på alt elev- og tandemutstyr (inkl. bruk og status).• Totalrapport på materiell umiddelbart etter sesongen for planlegging av neste sesong.• Ha ein kontaktperson for materiell.• Revidere langsiktig plan for utskiftingar.• Ha nok tilgjengeleg utstyr for kurselevar.• Ha tilgjengeleg vedlikehaldsutstyr på klubblokala• Retningslinjer for klubbstyr skrivast og henges opp i klubblokala

4. Samarbeid og nærmiljø



Strategiske målsetningar	Tiltak 2024
Tett samarbeid med aktuelle lokale aktørar om aktivitet	<ul style="list-style-type: none">• Følgje opp aktivitet og nyhende som medlem i Visit Voss.• Formidlingsplass om introduksjonsturar i turistinformasjonen.• Opprette samarbeid om å formidle kvarandre sine aktivitetstilbod med Voss Vind, Ekstremsportveko og Voss fallskjermklubb. I tillegg til å sjå på moglegheit for felles sosiale arrangementet.• Søke innspel og tilbakemelding på aktivitet frå nærmiljø og relevante aktørar.• Oppretthalde og utvikle avtalar hos viktige samarbeidspartnarar og klubbar som Voss Resort, Myrkdalen, og Voss Fallskjermklubb.
Arbeida for godt samarbeid og god dialog med grunneigarar, naboar, lokalmiljøet og andre klubbar.	<ul style="list-style-type: none">• Halde god dialog med grunneigarar. Invitera til eit årleg møte/kontakt med kvar grunneigar ilag med Veko, Voss FSK. Involvere kommunen for å sikre viktige idrettsarenaar i framtida.• Halde dialog med felles interesseorganisasjonar.• Fullstendig oversikt over alle grunneigarar med kontaktinfo, område og retningslinjer. Relevant info formidlast på heimesida.• Gjennomføre open dag på Bømoen med andre luftsportsaktørar.• Halde kontakt med dei næraste lokale klubbane for samarbeid både fagleg og sosialt.
Sikre langsiktige bruks- og driftsrettigheter på Hanguren, Bømoen og hovudlanding.	<ul style="list-style-type: none">• Jobbe aktivt med kommunen og grunneigarar for å sikre gode og fornuftige drifts- og aktivitetsrettigheter.• Skape engasjement i dei viktige sakene blant medlemsmassen, og dele relevant info vidare.
Sikre rammevilkår på startar og landingar.	<ul style="list-style-type: none">• Oppretthalde aktivitet og vedlikehald på eksisterande startar• Skilting på dei mest brukte startane, og ved gondolen. Det inneber info, kart, tryggleik, telefonnummer, kurs, tandem, opningstider, landingar. Skilt med reglar for bruk av skulebakken.• Invitere til dugnad på aktuelle startar• Utarbeide dugnadsplan basert på tryggleiksbehov• Tett dialog med kommunen og moglege grunneigarar for framtidige startar og skulebakkar.
Arbeide for alternative inntektskjelder for klubbhustomt og luftsportssenter	<ul style="list-style-type: none">• Søke nye samarbeidspartnarar og bidragsytarar.• Søke etter sponsoransvarleg.
Utarbeide og gjennomføre plan om organisasjon for eit luftsportssenter, med resten av luftsporten på Voss.	<ul style="list-style-type: none">• Etablert arbeidsgruppe i lag med andre aktuelle lag.• Vidareutvikle Bømoen som senter for klubblokale og utdanning.• Undersøke moglegheiter og ressursar opp mot seksjon og forbund.